



Modalen Kommune

Boks 44
5729 MODALEN

Att.: Rådmannskontoret

20.01.2023

Søknad om kommunalt tilskot 2023

Norsk landbruksrådgiving Vest SA er ein medlemsorganisasjon med vel 4000 bønder frå Vestland fylke og delar av Sunnmøre som medlemmer. Medlemstalet utgjer i snitt om lag 65% av alle som søker om produksjonstilskot i regionen. Vi leverer rådgjevingstenester til landbruket på alle fagområde. I tillegg utviklar vi ny kunnskap, og overfører kompetanse og kunnskap til bøndene på Vestlandet.

NLR Vest søker **Modalen Kommune** om kommunalt tilskot for 2023. NLR Vest ynskjer å utvikle samarbeidet med kommunane, for å styrke landbruksnæringa og arbeidsplassane knytt til landbruket. Tilskot gjev oss moglegheit til å finansiere informasjons- og utviklingsarbeid, til nytte for heile landbruket. Dette arbeidet er vanskeleg å finansiere fullt ut med andre midlar. NLR Vest sine møte, markdagar og kurs er opne for alle og vi vonar kommunen ser nytten av arbeidet landbruksrådgivinga utfører.

Koronapandemien sette fart på det digitale tilbodet frå NLR Vest. I 2022 har vi halde fram med å ha mange digitale webinar, fagmøte og kurs, opne for alle og lett tilgjengeleg for dei fleste. Kontakten vi får med bonden på desse arrangementa vert aldri den same som på dei fysiske arrangementa, som framleis vil vere viktige.

NLR Fyrsteråd klima

I 2022 vil NLR Vest halde fram med å ha fokus på klimatiltak. Landbruket sin klima-avtale forpliktar landbruket til å redusere utslepp av klimagassar og auke opptaket av karbon i jordbruket. NLR Vest vil tilby «Klima Fyrsteråd», der rådgjevar og bonde saman utarbeidar ein klimaplan med forslag til klimatiltak på garden, basert på utrekningar i klimakalkulatoren. Klimaplanen gjev grunnlag for å søke RMP – tilskot. Aktuelle tiltak kan vere dei som gjev betre jordhelse og god jordkultur, dei som aukar produksjonen på eigen gard og bruk og produksjon av fornybar energi. NLR har utvikla rådgjeving for fornybar energi i landbruket. Nye fokus og fagområde krev opplæring, og NLR Vest har 15 rådgjevarar med kompetanse for klimarådgjeving på gardsnivå. Dei vil kunne gje råd om tiltak tilpassa Vestlandet.

Stort prishopp på gjødsel og energi

Dei siste året har det vore stor prisauke på gjødsel og energi. Det skapar utfordringar for mange bønder. Situasjonen vil truleg vera krevjande i heile 2023. Rådgjevarane har drøfta korleis dei best kan hjelpe bøndene i ein vanskeleg situasjon, og er klare for å gje gode råd. Vi vil mellom anna ha fokus på god agronomi, slik at verknaden av både husdyrgjødsel og mineralgjødsel vert best mogleg.

Offentlege krav

Bøndene møter mange offentlege krav. Rådgjevarane i NLR Vest skal ha kjennskap til krava, og gje gode råd slik at bonden handlar i tråd med dei forskrifter og lover som gjeld. No i starten av sesongen for gjødslingsplanlegginga, har rådgjevarane hatt møte med statsforvaltaren for å verte tryggare på krava om spreieareal, korleis dei skal handterast i gjødslingsplanen og grenser som gjeld for mengde gjødsel per arealeining. Rådgjevarane blitt spesielt oppmoda om å motivere bøndene til å ha gode grensesoner mot vassdrag, der det er målt urovekkande høgt fosforinnhold i vatnet.

Kompetanse for framtida!



Bønder i krisje

NLR Vest har rådgjevarar med spesialkompetanse på helse, miljø og sikkerheit i landbruket. I tillegg til oppfølging med vernerunde for medlemer som har HMS-avtale, tilbyr HMS-rådgjevarane hjelp til bønder i ein krisesituasjon. Det kan vere økonomisk krise, bønder som er i ein vanskeleg livssituasjon eller som har fått psykiske helseproblem. Rådgjevarane samarbeider med bedriftshelsetenesta i desse saken, og krisehjelpa er gratis for bøndene.

Bedriftsutvikling og nytablering i landbruket

Økonomirådgjevarane våre følgjer opp og gjev råd i samband med driftsplanar og søknader til innovasjon Norge. Våre rådgjevarar har brei erfaring og godt nettverk, og kan foreslå løysingar eller peike på utfordringar som bonden sjølv ikkje ser. Betre økonomisk resultat i landbruket og utvikling av næringa, gjev auka verdiskaping og sikrar arbeidsplassar på gardane, som igjen medverkar til inntekt i kommunen. Vi registrerer auka interesse for dyrking av frukt, bær, potet og grønsaker. I år har vi gjennomført eit populært nybegynnarkurs i fruktdyrking og også framover vil vi ha fokus på dei som ynskjer å starte opp med landbruksproduksjon, mellom anna ved å arrangerer kurs i bedriftsutvikling og nytablering i landbruket.

Informasjon frå oss til landbruksnæringa på Vestlandet.

Informasjon ut til bonden og landbruksnæringa er viktig. Vi sender ut e-postmeldingar til medlemmar og samarbeidspartnarar, og medlemsskrivet Vestlandsbonden i posten. Om de ikkje får rådgivingsmeldinga vår på e-post, send ei melding til vest@nlr.no. På nettsida vår <http://vest.nlr.no/> legg vi ut informasjon om verksemda og nyhende i landbruket. Vi har også eigen Facebook-side og ein Instagramkonto.

I løpet av 2022 har podkasten vår, Vestlandsbonden, blitt enda meir populær og har no over 10000 nedlastingar. Nye Podkastepisodar med aktuelle tema for Vestlandsbonden, vert gjeve ut kvar tredje veke. Podkastepisodane finst på nettsida vår: [PODKAST | NLR Vest](#), på Spotify, eller Acast.

Anna

NLR Vest yter tenester til alle bønder, også til dei som ikkje er medlemmar. Vår kompetanse kan kome alle bønder til gode.

NLR Vest får tilskot frå kommunar og gjennom jordbruksavtalen. Reell verdi av tilskota reduserast kvart år, og for å oppretthalde aktiviteten har vi auka eigenbetaling frå medlemmene, effektivisert drifta og teke på oss ulike oppdrag. Ein del av aktiviteten vår vert finansiert med prosjektilskot frå Statsforvaltar og Fylkeskommunen.

Vi ynskjer eit godt samarbeid med kommunane og set pris på innspel frå kommunane når det gjeld aktivitetar vi kan samarbeide om. Vi kan også ta oppdrag for kommunane blant anna når det gjeld arbeid med kommuneplan, vassdirektiv, verdsetting av landbruksareal, vurdering av areal for landbruksproduksjon mm.

Vi håpar **Modalen Kommune** finn rom i budsjettet til å yte stønad til oss, og vil med dette søke om tilskot for 2023. Eventuelt tilskot kan betalast til konto: 3705.31.31922.

Med venleg helsing for
Norsk Landbruksrådgiving Vest SA

Fredrik Fjose, dagleg leiar

Kompetanse for framtida!

Avsender adresse: Krånavegen 5, 6823 Sandane - Mobil: 982 45 838 - E-post: vest@nlr.no